



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 1. juni 2015 kl. 09.00 – 10.30  
Stad: Rådhuset  
Tilstade: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Odd Leif Mjøs (nestleiar), Anna K. Valle, Unni Andersen Sæbø og Kåre Østrem (1. vara for Rolf Henning Hegland)  
Forfall: Rolf Henning Hegland  
Innkalla: Økonomisjef Janne Sund  
Frå revisjonen: Line Margrete Johansen  
Sekretær: Tonje Husum Aarland

---

**26/15 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

**27/15 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteutskrift frå møte 21.04.15.

**28/15 Skriv og meldingar**

Det var ingen skriv og meldingar.

**29/15 Forvaltningsrapport – refusjonar og tilskott – rapport frå revisjonen**

Sakstfang: Forvaltningsrapport refusjonar og tilskott

Revisjonen presenterte rapporten i møte.

I rapporten er der følgjande tilrådingar:

***«Basert på undersøkinga anbefaler revisjonen at Lindås kommune sett i verk følgjande tiltak:***

- 1. Utarbeider skriftlege retningsliner og rutinar for ulike arbeidsprosessar knytt til utarbeiding og kvalitetssikring av grunnlag for refusjonskrav, kontrollar av innkomne refusjonar mv.*
- 2. Utarbeider skriftlege retningsliner og rutinar for ulike arbeidsprosessar knytt til sjukepengerefusjonar og bruk av eigenmelding.*
- 3. Etablerer system som sikrar at informasjon om moglegheit til å søkje om unntak frå arbeidsgjevar sitt ansvar for sjukepengar når ut til heile organisasjonen.*
- 4. Vurderer å utarbeide felles oversikter over potensielle tilskottsordningar som det kan vere aktuelt for kommunen å søkje på.*
- 5. Vurderer å gi skriftlege føringar for kven som skal involverast i samband med søknader om tilskot frå kommunen, samt etablerer system og rutinar for å sikre*



*oversikt over tilskotprosessar, koordinering mellom ulike einingar, informasjon om innvilga tilskot mv.»*

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak. Kontrollutvalet ber om at rådmann kjem med tilbakemelding til kommunestyret innan ei tidsfrist som kommunestyret setter.

Skriftlege retningsliner og rutinar er viktig å få på plass, og kontrollutvalet foreslår at dette kunne vert eit fast punkt i årsmeldinga til kommunen.

**Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak. Kommunestyret ber om at rådmann kjem med tilbakemelding til kommunestyret innan ei tidsfrist som kommunestyret setter.

Skriftlege retningsliner og rutinar er viktig å få på plass, og kontrollutvalet foreslår at dette kunne vert eit fast punkt i årsmeldinga til kommunen.

**30/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

**31/15 Eventuelt**

Neste møte er tysdag 29.09.15 kl. 09.00.

Saker til neste møte:

- Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt
- Oppfølging av evt. punkt i revisjonsrapport – rekneskap
- Oppsummering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden

Knarvik 01.06.2015

Øystein Reidar Møtdeklev, leiar

Tonje Husum Aarland, sekretær